
Fra: Rolf Sandstad <rolfsa@gmail.com>
Sendt: mandag 2. september 2019 19.46
Til: Postmottak Meland
Emne: Fwd: Søknad om byggjeløyve carport/bod gnr/bnr 23/591
Vedlegg: Gmail - Nabovarsel Elvavegen 35.pdf; Nabovarsel med vedlegg.pdf; Svar_nabovarsel side2.pdf; Svar_nabovarsel side1.pdf; Signering_nabovarsel.pdf; Gmail - Samtykke til plassering av carport Elvavgen.pdf; Samtykke_Sindre_Renate.jpg; Samtykke_Stine_Daniel.pdf

Viser til søknad om byggjeløyve carport/bod gnr/bnr 23/591

I søknaden mangla samtykkeerklæring frå to av naboane vedrørende bygging inntil nabogrensa, desse er no lagt ved, og seknaden skulle med dette vera komplett.

Vennleg helsing
Rolf Sandstad

----- Forwarded message -----

Fra: Rolf Sandstad <rolfsa@gmail.com>
Date: man. 26. aug. 2019 kl. 10:57
Subject: Søknad om byggjeløyve carport/bod gnr/bnr 23/591
To: <postmottak@meland.kommune.no>

Til byggesak
Meland kommune

Søknad om byggjeløyve for bygging av carport med bod gnr/bnr 23/591.

Viser til vedlagte dokument sendt som nabovarsling til alle naboar ifølgje liste frå Meland kommune.

Den formelle søknaden om byggjeløyve vart og sendt til naboane til orientering.

Sendinga vart gjort på epost.

Alle har svart mottatt, eller mottatt, ingen merknad til byggeplanane.

Siste svar kom på sms 18.07. frå Sindre Hopland.

Sitat: "Hei igjen Rolf. Beklager sein tilbakemelding, blei litt glemt i ferien:) Men eg har ikkje fått mailen på min mail: sinhop2@hotmail.com. (kona har fått) Einast me ønsker å endre på teyningen er at vegg mot oss blir tett. Me er nok på veg heim igjen i morgon. Snakkast."

Kommentar til innkomen merknad:

Som det står i søknaden, ønskjer naboen levegg i grensa, dette blir samtidig eine sideveggen i carporten. Arkitekten har teikna denne som spilevegg.

For vår del er det heilt uproblematisk å byggja den som tett vegg.

Når det gjeld bygging inntil grensa, har vi motteke samtykke frå Boligbygg Vest. Har ikkje motteke frå Elvavegen 33 og 39. Begge har sagt det er ok, og at vi skal få det. Vi vel å senda søknaden slik den er, og så vert dei to siste dokumenta ettersendt når dei kjem.

Ser fram til svar frå dykk.

Vennleg helsing

Anne Jakobsen
Rolf Sandstad

Vedlegg:

1. Følgeskriv nabovarsel
2. Naboversel med vedlegg
3. Nabovarselliste med datoar for mottak av epost/sms
4. Kopi av mottekne epostar
5. Samtykke til bygging inntil grensa Boligbygg Vest